



Sund kommune
Postboks 23
5371 SKOGSVÅG

Sakshands.: BIØ Vår ref.: 17/1719-2 Dykkar ref.: Dato: 31.07.2017
Direktetlf.: 56327525 Arkiv:

Fullmaktsvedtak. Gnr. 2 Bnr. 108, Bjelkarøyna. Søknad om deling av grunneigedom og rekvisisjon av oppmålingsforretning, tomt ferjekai.

DS-sak: 178/17

Vi viser til fullmaktsvedtak delingssak den 31.07.2017 der DS-sak 178/17 vart handsama.

Faktiske opplysningar

Føremålet med ervervet: Frådeling av etablert ferjekai
Samsvar med plansituasjon: Reguleringsplan for vegsambandet Lerøy – Bjelkarøy, datert 08.11.2005.


Lovgrunnlaget

Sund kommune har vurdert saka etter LOV 2008-06-27 nr. 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova), LOV 2009-06-19 nr. 100: Lov om naturens mangfold (naturmangfaldslova), samt tilhøyrande forskrifter og Sund kommune si gjeldande kommuneplan og reguleringsplan for vegsambandet Lerøy – Bjelkarøy, vedteken av kommunestyre i Sund 08.11.2005.

Saksutgreiing

Kommunen har den 19.05.2017 motteke søknad om deling av grunneigedom på gnr. 2 bnr. 108. Hordaland fylkeskommune (HFK) har gjort vedtak om overtaking av drifta av ferjeleia på Bjelkarøy og Lerøy. Det er i den forbindelse søkt om å dele frå fergjekaien på Bjelkarøy. Det er opplyst at arealet er om lag 115 m2. Arealet skal nyttast som ferjekai og kommunikasjonsareal som før. Sund kommune er eigar jamfør matrikkelen.

427#257.fc844b19-d6b8-461c-a741-e645c9c85581:3



Vurdering

Naturmangfald:

Etter naturmangfaldslova § 7 skal det ved forvaltning av fast eigedom, gjerast ein vurdering av tiltaket si konsekvens for naturmangfaldet på staden etter prinsippa i §§ 8-12. Vidare skal kommunen i tråd med forvaltningslova § 17, sjå til at ein sak er så godt opplyst som mogeleg før vedtak fattast. Ei vurdering etter naturmangfaldslova er eit ledd i dette.

Kommunen har undersøkt i naturbasen og i artsdatabanken, samt i eigne kartleggingar. Kunnskapsgrunnlaget må etter dette seiast å vere oppfylt, jf. § 8. Etter det kommunen kjenner til er det ikkje registrert sjeldne eller særleg trua artar eller natur på denne plassen. Ut i frå det kunnskapsgrunnlaget som kommunen har, er det då ikkje noko som tydar på at tiltaket vil kunne medføre vesentleg skade på naturmangfaldet. Det vil difor ikkje vere naudsynt å vurdere vilkåra i §§ 9-12. Frådeling av 1 tomt til etablert ferjekai utan endra bruk, vil ikkje råke naturmangfald, jf. § 3.

Gjeldande reguleringsplan for vegsambandet Lerøy – Bjelkarøy, 08.11.2005.

Ein reguleringsplan fastsett «*framtidig arealbruk for området (...) og er bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6*», jf. plan- og bygningslova § 12-4 (1). Vidare følgjer det av regelens andre ledd at «*[t]iltak etter § 1-6 første ledd, herunder bruksendring etter § 31-2, jf. også § 1-6 andre ledd, må ikke være i strid med planens arealformål og bestemmelser*».

Området er i gjeldande plan mellom anna satt av til «Område med kombinert formål – anna trafikkareal og trafikkområde i sjø» Denne eigedommen har vore lovleg brukt som ferjekai og bruken skal fortsette. Frådeling vil vere i tråd med plan.

Tilknytning til infrastruktur – veg, vatn og avlaup:

Plan- og bygningslova kap. 27 stiller krav om tilknytning til infrastruktur (veg, vatn og avlaup). I tråd med § 27-1 må tomtene ha «*forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann.*»

Eigedommen skal nyttast som ferjekai utan endra bruk og tilknytning til infrastruktur – veg, vatn og avlaup er avklart gjennom godkjent plan.

Nabovarsling

Det er sendt ut nabovarsel. Det er ikke kommen merknadar til frådelling.

Sund kommune har inga vidare merknadar til omsøkt deling av grunneigedommen.

Vedtak:

Sund kommune godkjenner frådelling av om lag 115 m² frå gnr. 2, bnr. 108 jf. Plan og bygningslova §§ 20-1 og 26-1. Føremålet med delinga er uendra bruk - ferjekai.

For grunngjeving vert det vist til vurderinga.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket;

1. Føremålet med frådelling er anna trafikkareal og trafikkområde i sjø i tråd med gjeldande reguleringsplan.
2. Frådelinga skal vere i samsvar med søknad, og slik innsendte kart synar.
3. Er oppmålingsforretning ikkje rekvirert etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve til frådelling vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, fell løyve til frådelling bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9 (4).

Klage

Dette vedtaket kan påklagast jf. forvaltningslova § 28 av alle som er part i saka, eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå underretning om vedtaket er kome fram, eller vedkomande fekk kjennskap til vedtaket. Klaga skal sendast til Sund kommune, Forvaltningsstyret-klageorgan, som gjer endeleg vedtak. Klagefrist er 3 veker.

Vi gjer merksam på partane sin rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka i medhald av forvaltningslova § 18, jf. § 19. Til orientering følgjer saksutgreiing med vedtak vedlagt.

Gebyr

Gebyr for handsaming av delingsøknad etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, på kr. 4818,-,- vert ettersendt jf. § 3-2 i Sund kommune sitt gebyrregulativ for 2017.

Anna

Saka vert oversendt kart- og oppmålingsavdelinga etter at den har vore referert i førstkomande møte i Forvaltningsstyret/Planutvalet.

Skulle De har spørsmål til saka, er De velkomen til å ta kontakt

Med helsing

Ole-Karsten Midtgård
leiar

Birgitte Ødven
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900

5020 BERGEN